



MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 13.06.2018  
Vår ref.: 2015/3898-4  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Kulturminnafagleg fråsegn i samband med planlagt grøfting - Gnr. 57 bnr. 1 - Meland

Me viser til brev mottatt 11.05.18 i samband med planlagt grøfting av eksisterande jordbruksareal på gnr. 57, bnr. 1 i Meland kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv kan me ikkje sjå at tiltaket kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne, men i nærlieken er det kartfesta fleire forhistoriske lokalitetar med gravminne og SEFRÅK-registrerte bygningar og hustufter frå 1800-tallet. Likevel er potensiale for nye funn innanfor det aktuelle området, i denne samanhengen, vurdert til å vera lågt. Me har derfor inga avgjerande merknader i saka, utover at ein under etablering av grøftene søker å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steinagardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.